

PENGEKRAVSRETT - HØST 2012

Kandidat: Hanna Falskog

Kommentert av Camilla Haukeland Olsen

SPØRSMÅL 3

Twisten står mellom Marte og Sparebanken.

Overordnet problemstilling er om Marte fremdeles er gjeldsforpliktet overfor Sparebanken etter rettmessig heving av kjøpsavtalen.

Dette må løses på grunnlag av ulovfestede regler om gjeldsovertagelse.

God start på ei praktikumsoppgåve. Kandidat brukar liten plass, går rett på sak og får med seg alt det vesentlege; tvistens partar, overordna problemstilling og rettsleg grunnlag. Viktig presisering at det er snakk om eit rettmessig hevingskrav.

Gjeldsovertagelser er etter sikker rett betinget av kreditors samtykke, men om kreditor må akseptere følgene av rettmessig heving, er ikke avklart i rettspraksis.

Kandidat er inne på spørsmålet om kreditor – Sparebanken – har samtykka til debitorskiftet, at Marte er ny debitor for gjelda. Dette er eit spørsmål det nok kan svarast kort på, men det bør likevel gjerast. Her kan ein også med fordel seie noko om korleis rettshøvet mellom Marte og Sparebanken er (før heving): ein avtale om at ny debitor skal overta gjelda til tidlegare debitor gjev kreditor rett til å halde seg til ny debitor for gjelda.

I teorien har det blitt hevdet at kreditor må godta at gjelden føres tilbake, med mindre det eksplisitt er avtalt annet. Dette er klart et argument for at Marte ikke lenger er forpliktet.

Nettopp, men dette kan presiserast. «Avtalen» mellom ny debitor og kreditor må bestå i at Marte er forplikta på ein slik måte at ho ikkje kan fri seg frå gjeldsansvaret utan at Sparebanken godkjenner dette. Her bør også presiserast at oppfatninga i teorien er at Marte, som ny debitor, sjølvstendig må ha forplikta seg ovanfor kreditor. Metodisk kan det godt stillast opp eit (under)spørsmål om Marte har forplikta seg ovanfor Sparebanken på ein slik måte at Marte ikkje kan fri seg frå gjeldsansvaret.

I midlertid vil en slik løsning være i strid med det klare samtykkevilkåret lagt til grunn i rettspraksis. Dette vilkåret har gode grunner for seg, da det er av stor betydning for kreditors sikkerhet hvem som står som skyldner. Hensynet til kreditor taler derfor for at Marte fremdeles er forpliktet.

Dette kan utdypast. Kandidat viser til samtykkevilkåret utan at det er heilt klart kva og kven dette gjeld for. Ut i frå oppgåva er det sannsynlegvis samtykkekravet nemnd ovanfor om kreditors samtykke til ny debitor, men dette kan altså kome tydlegare fram. Positivt at dette vert knytt opp mot omsyna bak regelen. Kandidat viser her god forståing, men det ville vore enda betre om også omsynet til Marte vart trekt inn – omsyn som nettopp vil grunnge kravet om at Marte må forplikte seg ovanfor kreditor (sjå kommentaren ovanfor).

På den andre siden gjelder samtykkevilkåret ved frivillig gjeldsovertagelse, etter debitorenes ønske. I foreliggende sak står en derimot overfor en rettmessig heving som følge av vesentlige mangler. Gjeldsovertagelsen var en del av salgsavtalen mellom Marte og Ole. Når avtalen heves, er det nærliggende og rimelig at også gjeldsforpliktelsen går tilbake til selger. Her vert avtalen mellom Marte og Ole nærast ein slags tredjemannsavtale i forholdet til kreditor. Dersom ein tenkjer seg at Marte har forplikta seg eksplisitt ovanfor banken, vil nok dette omsynet svekkast noko. Likevel bør det understreka det positive i at kandidat argumenterer ut i frå omsyn – det viser god forståing for faget.

Videre er banken som profesjonell aktør nærmest til å klargjøre sine ønsker, og at banken ikke selv har sikret seg mot foreliggende situasjon, taler etter alminnelige risikobetraktninger for at banken selv må bære følgene av dette. Det legges til grunn at også gjelden går tilbake til Ole. Følgelig blir konklusjonen at Marte ikke lenger er forpliktet.

Kandidat viser god forståing for reglane om gjeldsovertaking. Det vert likevel noko unyansert når kandidat legg til grunn at godkjenning/samtykke frå Sparebanken er eit vilkår for at Marte skal bli fri for gjeldsansvaret. Denne delen av oppgåva bør heller vere knytt opp til spørsmålet om Martes forplikting ovanfor banken. Metodisk hadde drøftingane og argumentasjonen vore tydelegare dersom kandidat hadde stilt opp problemstillingar undervegs, t.d. om kreditors godkjenning og Martes forplikting.

SPØRSMÅL 4

Twisten står mellom betaler Katrine og mottaker Helge.

Den overordnede problemstillingen er om Katrine kan kreve tilbakesøking etter *condictio indebiti* (CI).

Dette er en ulovfestet tilbakesøkningslære utviklet i rettspraksis. Om et tilbakesøkningskrav skal tas til følge beror på en konkret, individuell vurdering under rimelighet der mange momenter kan være av betydning, jf. eksempelvis Birgdommen.

Igjen er dette ein god start på ei praktikumsoppgåve: tvistens partar og overordna problemstilling.

De grunnleggende hensyn som står mot hverandre er betalers ønske om korreksjon mot mottakers hensyn til at endelig oppgjør har funnet sted. Hvilket det skal legges avgjørende vekt på, beror på en helhetlig avveining av alle relevante momenter.

Lærens kjerneområdet er tilfeller der det foreligger villfarelse om sin betalingsplikt, enten i omfang eller eksistens. Likevel er det i rettspraksis lagt til grunn at det ikke er nødvendig med en streng avgrensning av anvendelsesområdet til CI. Det avgjørende er om det er foretatt en betaling til noen man ikke var pliktig å betale til, og at de grunnleggende hensyn til oppgjør og korreksjon står mot hverandre i tvisten.

I praktikumsoppgåver kan det ofte vere ein fare for at slike utgreiingar vert for teoretiske. Etter mi mening held likevel kandidat seg godt innanfor det som kan forsvarast her. Dette kan likevel skje meir i samspel med faktum: Katrine er ikkje i villfaring om eigen betalingsplikt, og det er difor viktig å få fram at læra også kan nyttast i andre enn høve enn berre ved dei meir tradisjonelle tilfella av villfaring av betalingsplikt.

Katrine var ikke i villfarelse om en betalingsplikt; hun overførte penger til Helge helt frivillig. Likevel, hennes ønske om korreksjon står i saken her mot Helges hensyn til at endelig oppgjør har funnet sted. Det legges med dette til grunn at CI er aktuell for saken her.

Det kan med fordel presiserast at det som ovanfor er drøfta er spørsmålet om læra om *condictio indebeti* kjem til bruk i dette aktuelle høvet. Metodisk er det bra om ein undervegs tydleg stiller opp problemstillingar/spørsmål som viser kva det er som skal drøftast.

Spørsmålet blir således om det mest rimelig å legge avgjørende vekt på Katrines ønske om korreksjon eller Helges oppgjørshensyn.

Av rettspraksis følger det at dersom betalingen er feil av eksistens, taler dette sterkere i retning tilbakesøkning enn om betalingen bare er feil i omfang. Dette er et argument for tilbakesøkning, da beløpet i sin helhet ikke var noe Katrine var pliktig å betale.

Imidlertid står en overfor en betaling av eget ønske, frivillig fra Katrines side. Det bør foreligge gode grunner for at en slik betaling skal kunne kreves tilbake. Det kan hevdes at Katrine følte seg presset til å betale for å hindre videre problemer for sin sønn. I midlertid kan slikt subjektivt press ikke vektlegges, noe som fremgår av Samboerdommen der en samboer med åpne øyne betalte inn til banken for å fri sin tidligere samboers forpliktelser, fullt viten om at dette ikke var noe hun pliktet å gjøre.

Ryddige avsnitt og gode argument. Dette siste argumentet om press kunne nok vert meir aktualisert ved å knytte det opp mot Helges oppførsel. Det er Helge som i fyrste omgang oppsøker Ivar (som han feilaktig trur å ha sett) for å få han til å betale. Utan dette «betalingspresset» ville betalinga ikkje skjedd. Det er viktig at faktum brukast aktivt – det er stort sett ein grunn til at akkurat det som står i faktum faktisk står der.

I rettspraksis er det gitt uttrykk for at dersom et tilbakesøkningskrav vil ramme hardt, taler dette mot tilbakebetaling, jf. CBK dommen. Særlig gjelder dette der mottaker er en privatperson. Helge har brukt pengene til reparasjon av bilen, og det vil ramme hans privatøkonomi hardt om han nå i ettertid må betale tilbake hele 30.000 kroner. Dessuten har det gått hele 2 måneder, og Helges hensyn til innrettelse er klart verneverdig og taler mot tilbakebetaling.

Videre følger det av rettspraksis at dersom det burde vært tatt forbehold ved betalingen, taler det klart mot tilbakebetaling hvis et slikt forbehold ikke foreligger.

Katrines sønn har verken benektet eller innrømmet medvirkning. Da Katrines innbetaling hadde som hensikt å unngå videre problemer for Ivar, taler dette for at hun burde forbeholdt seg retten til tilbakebetaling dersom det skulle vise seg at Ivar ikke var innblandet. At forbehold ikke er tatt taler sterkt mot Katrines sitt krav.

Nettopp, dette er eit viktig poeng.

I en helhetlig vurdering taler det at Katrine ikke var pliktig å betale, for at hun kan kreve tilbakebetaling. I midlertid må det legges avgjørende vekt på at betalingen var helt frivillig, samt at hun ikke selv tok forbehold.

Flott at kandidat her viser kva som er vektlagt i den konkrete vurderinga, i staden for å berre fastslå at det er ei konkret vurdering som er foretatt.

Det er ikke rimelig å legge avgjørende vekt på Katrines ønske om korreksjon. Konklusjonen blir at Katrine ikke kan kreve tilbakesøkning etter CI.

Materielt sett er oppgåva godt løyst. Metodisk kunne nok drøftingane vore gjort tydelegare ved å stille opp spørsmål, særleg under den fyrste delen av oppgåva om conductio indebeti læras bruksområde. Det vert noko knapt, og det sagnast at kandidat seier noko om kva det har å seie at dette faktisk er sonen Ivar si betalingsplikt, ikkje Katrines, om det i det heile hadde vore eit erstatningsansvar.

SPØRSMÅL 1

Twisten står mellom konsulent Lars og kunde Peder. Den overordnede problemstillingen er om Lars sitt restkrav for arbeidet utført januar-mars 2009 er forledet nå 15.juni 2012.

Partene strides om når foreldelsesfristen begynte å løpe.

Da en her står overfor en "[f]ordring på penger", kommer foreldelsesloven til anvendelse, jf. § 1 nr. 1.

Den alminnelige foreldelsesfristen er "3 år", jf. § 2. Da ingen av særfristene ellers i loven er aktuelle, er det følgelig "3 år" som er fristen for Lars sine krav. Det følger av fl. § 3 nr. 1 at foreldelsesfristen løper fra da "fordringshaveren tidligst har rett til å kreve å få oppfyllelse".

Metodisk god start på oppgåva også her. Kandidat kjem raskt til den aktuelle lovbestemminga utan å bruke for mykje tid på dette.

Ordlyden av "tidligst har rett" synes å sikte til det tidspunkt man tidligst har mulighet til å gjøre sitt vederlagskrav gjeldende.

Forarbeidene til bestemmelsen gir klart uttrykk for at bestemmelsen skal leses objektivt. Dette har blitt fulgt opp i rettspraksis, for eksempel i OKK dommen, der "tidligst har rett" har blitt tolket til tidspunktet for risikoens overgang, nemlig tidspunktet for overtagelse av varen. Ved tjenester: oppfyllestidspunktet.

Positivt at kandidat finn relevant ordlyd og tolkar den ut i frå kjeldene, utan å gjere for mykje ut av dette. (Pirk: skriv fullstendige setningar også på eksamen).

For å avgjøre om Lars sin første anførsel fører frem, må det klargjøres når Lars "tidligst ha[dde] rett" til å gjøre betalingskravet gjeldende.

For oversiktas skuld bør det her kome fram kva som faktisk er Lars sin første anførsel. Sjølv om ein generelt bør vere forsiktig med å gjengi for mykje av faktum, ville det i dette tilfellet (etter mi meining) vore positivt om partanes anførsler kom fram: Kva er det dei er usamde om, når meiner Lars og Peder at fristen løper frå?

Gjeldsloven § 5(1) som kan anvendes analogisk på pengekrav som foreliggende, gir uttrykk for at det må betales ”straks”, med mindre avtalt betalingstid foreligger.

Dette viser at dersom det er avtalt forfallstidspunkt, vil dette være tidspunktet Lars ”tidligst ha[dd]e rett” til å kreve oppfyllelse.

For så vidt greitt, kandidat får fram skiljet mellom forfall fastsett på førehand og forfall med påkrav. Dette er likevel ikkje naudsynt. Mange kandidatar tolkar gbl. § 5 slik at denne fører til at det er når Lars sender påkrav – altså 1. juli 2009 – som blir friststart etter fl. § 3 nr. 1, og det er ei uheldig og ikkje heilt riktig tolking av gbl. § 5.

Om det ikke foreligger avtale følger det av rettspraksis, i tråd med fl. § 3 nr.1, at man ”tidligst har rett” må leses objektivt, uavhengig av etterfølgende faktura.

Spørsmålet blir videre om det er avtalt 3 måneders frist, altså til 1.juli 2009. I så fall er ikke foreldelsesfristen utløpt 15. juni 2012.

Ja, for det er berre dersom Lars har krav på kvartalsvis betaling – dersom dette er avtalt – at faktureringa er av betydning. Kandidat stiller for så vidt eit godt spørsmål her, men i samband med partanes anførsler vert det feil: det er Peder som hevder at fristen løper ved fakturering, altså frå 1. april 2009 då Lars ville ha sendt faktura for arbeidet utført jan-mars 2009 om han hadde fulgt vanleg praksis. Dersom det stemmer er foreldingsfristen utløpt. Lars hevder at praksisen er utan tyding, og at fristen difor må løpe frå avslutning av oppdraget (2011), slik at fristen på 3 år ikkje er utløpt. (Fakturering for jan-mars vil altså vere 1. april – ikkje 1. juli).

Dette må løses på grunnlag av alminnelig avtaletolkning.

På den ene siden er Peder klar over Lars sin alminnelige praksis med 3 måneders faktura. Dette tilsier at det er nærliggende for han å legge tilsvarende til grunn, når annet ikke er avtalt. Dette forsterkes med tanke på at Lars selv er nærmest til å presisere avvikende betalingsønsker for sine oppdrag.

I midlertid har Peder fått denne kunnskapen fra tredjepersoner. Ren passivitet fra Lars sin side er neppe tilstrekkelig for å legge til grunn hans alminnelige praksis.

Gode argument her. Lars har allereie for kjøpesenteret praktisert kvartalsvis fakturering, noko som kan tilseie at Peder kan innfortolke at dette også gjeld for kontorbygget. Kandidat får likevel godt fram at slike sentrale punkt i ein avtale bør avtalast eksplisitt.

Dessuten opptrer også Peder i næringsvirksomhet, og har dermed selv også en oppfordring til å klargjøre avtalen.

Av rettspraksis følger det at HR anser terskelen for når fastsatt forfall foreligger, for å være høy. Det kreves en klar dato. Det kan argumenteres for at en 3 måneders frist er en klar dato, men på den andre siden er ingenting kommet til uttrykk i avtalen. Partene har ikke diskutert betalingstid.

I en helhetlig vurdering kan en se at selv om Peder som profesjonell har oppfordring til klargjøring, er Lars nærmest til å klargjøre sine ønsker, og ren passivitet kan i lys av terskelen i rettspraksis ikke anses som tilstrekkelig for avtale om 3 måneders frist.

Det foreligger ikke avtale om 3 måneders betalingsfrist. Følgelig løper foreldelsesfristen fra da Lars tidligst, objektivt sett, hadde "rett" til å kreve oppfyllelse, jf. § 3 nr.1. Dette vil si tidspunktet for risikoens overgang for perioden januar-mars, altså ferdigstilling av dette arbeidet, mars 2009.

Kandidat drøftar godt rundt avtalespørsmålet her. Her kan det likevel innvendast at tidspunktet for ferdigstilling av arbeidet må vere 2011 i tråd med Lars sin anførsel. For spørsmålet om når betaling tidlegast kan krevjast vert det noko knapt. Dette er eit vanskeleg spørsmål, men ved tenesteytingar er det normalt slik at ein krev at tenesta er utført før betaling kan krevjast (sjå m.a. hvtjl. § 37). Her opnast det for ei drøfting av korvidt avtaleforholdet mellom Lars og Peder inneber at Lars kunne krevd kvartalsvis fakturering slik at «tidligst har rett» vert ved normal fakturering 1. april 2009 (altså periodevis) eller når kontorbygget er heilt ferdig (2011). Her går kandidat glipp av ei drøfting, men denne er som sagt vanskeleg, og det kan neppe krevjast mykje her.

Følgelig har foreldelsesfristen på "3 år" løpt ut 15.juni 2012.

Konklusjonen blir at Lars sitt restkrav er foreldet.

Spørsmål 1 er krevjande. Kandidat viser god forståing her ved å gå rett på det problematiske, og held seg unna uproblematisk og irrelevante drøftingar. Det vert noko knappe drøftingar ein skilde stader, men gjennomgåande ser kandidat dei relevante argument og får desse fram på ein kort og konsis måte.

SPØRSMÅL 2

Tvisten står mellom konsulent Lars og kunde Peder.

Det overordnede problemstillingen er om Lars kan motregne sitt restkrav mot Peders erstatningskrav.

Det forutsettes at Lars sitt krav er foreldet.

Det følger av fl. § 24 nr.1 at ved foreldelse "taper fordringshaveren sin rett til oppfyllelse". Med dette er utgangspunktet at Lars ikke kan motregne med sitt foreldede krav, da han ikke lenger kan gjøre det gjeldende.

I midlertid har lovgiver med fl. § 26b åpnet for motregning også med foreldede krav dersom kravet det motregnes mot "springer ut av samme rettsforhold" og "oppst[od]" før motkravet ble foreldet".

Her finn kandidat relevant ordlyd og tolkar denne kort. Det er ikkje naudsynt å gjere meir ut av dette.

Første spørsmål blir om erstatningskravet til Peder "springer ut av samme rettsforhold" som Lars sitt motkrav.

Oversikteleg og god problemstilling. Her er det lett for lesar å følgje med.

Ordlyden av ”springer ut av samme rettsforhold” synes å ta sikte på krav som har samme bakgrunn og som har en naturlig nærhet til hverandre.

Utgangspunktet må være at når det foreligger to separate avtaler som her, har dette presumsjon mot konneksitet. Konneksitet er et annet ord for ”springer ut av samme rettsforhold”.

Av rettspraksis følger det i midlertid at også to ulike avtaler etter omstendighetene kan anses som konnekse. I Factoring Finans dommen var det snakk om to ulike avtaler som gjaldt ulike leveranser til ulike byggeprosjekt, inngått på ulike tidspunkt. Det forelå heller ikke et løpende forretningsforhold mellom partene. Høyesterett kom til at avtalene ikke var konnekse. HR uttalte at det avgjørende er om det foreligger en slik nærhet at det er naturlig å se avtalene som en enhet.

Positivt at rettspraksis brukast. Dette viser ofte om det materielle er forstått.

Selv om saksforholdet skiller seg vesentlig for tvisten mellom Lars og Peder, er vurderingsmomentene generelle og følgelig relevante ved en vurdering av foreliggende avtale:

På den ene siden står sakens to avtaler mellom samme parter og har en stedsmessig nærhet. Videre kan det sies å foreligge et løpende forretningsmessig forhold mellom partene da Lars sin konsulentteneste strekker seg over tid.

På den andre siden forstås faktum dithen at det ikke er noen sammenheng mellom senteret og kontorbygget. Dette taler klart mot å anse kravene som konnekse. Videre er avtalene inngått på ulike tidspunkter, og er heller ikke på noen måte betinget av hverandre.

Dette viser at avtalene ikke fremstår som en forretningsmessig enhet, og følgelig ikke ”springer ut av samme rettsforhold”, jf. § 26b.

Her brukast momenta frå rettspraksis på ein god måte på det konkrete faktum. Metodisk gode avsnitt her.

Det vilkårene i § 26b er kumulative, er motregning for Lars utelukket.

Oppgaven drøftes videre subsidiært forutsatt at kravene ”springer ut av samme rettsforhold”, jf. § 26 b.

Spørsmålet blir da om erstatningskravet er ”oppstått før” Lars sitt restkrav ble foreldet jan-mars 2012.

Peder sitt erstatningskrav er en følge av kontraktinngåelsen om kontorbygget i 2008. Dette tilsier at kravet oppstod da, som en betinget følge av kontraktsinngåelsen. I midlertid har HR i Factoring Finans dommen slått fast at krav som følger av mislighold oppstår og forfaller ved selve misligholdet.

Tja, her kan det nok argumenterast for at ettersom det er snakk om erstatning grunna svikt (som førte til muggsopp) i materialene er det berre eit spørsmål om tid før ein

reparasjon uansett må foretas, og at Peder då har eit erstatningskrav allereie ved oppføringa av kjøpesenteret.

Følgelig må det legges til grunn at Peders erstatningskrav oppsto vår 2012.

Kravet det motregnes mot har ikke ”oppstått før” Peders motkrav ble foreldet, jf. § 26 b. Subsidiær konklusjon blir at motregning med Lars sitt foreldede krav ikke kan gjøres gjeldende med § 26 b.

Spørsmål 2 er nok ikkje av dei vanskelegaste, men igjen viser kandidat god evne til å sjå kva som er det problematiske, og skjaltar raskt ut kva som treng å brukast plass på og kva som ikkje bør få så mykje plass.

Kandidat er gjennomgåande flink til å sjå kva som er det problematiske og kva oppgåvene legg opp til at skal drøftast, samstundes som det ikkje brukast mykje plass på det som er uproblematisk. Drøftingane er stort sett nyanserte og gode, sjølv om det nokre stadar kunne vore meir utdjupa om kjeldene og omsyna bak reglane.

Metodisk er kandidat flink til å finne relevant ordlyd, og andre relevante kjelder. Kandidat brukar stort sett overordna problemstillingar, men det sagnast at også «under»problemstillingar vert nytta i større grad for å vise kva som skal drøftast undervegs i oppgåvene. Nokre stader vert drøftingane også nokså knappe, og både faktum og argument kunne vore nytta meir aktivt for at lesaren lettare skal henge med. Det er viktig å lese både faktum og partanes anførsler nøye, og nytte desse aktivt i oppgåveløysinga.

Det er positivt at kandidat ser (så godt som) alle problemstillingar oppgåva legg opp til, og sjølv om nokre svarast på kortare enn andre, viser kandidat alt i alt god evne til å sjå kvar ein må legge inn støtet og drøfte grundig, og kvar det kan forsvarast med kortare drøftingar. Sjå også kommentarar undervegs om dette. Det å fatte seg i korthet er i seg sjølv ei ut